

1 **Ny opplæringslov: Språkleg rettferd i skulen**

2 Kunnskapsminister Tonje Brenna kjem snart med framlegg til ny opplæringslov til Stortinget, planlagt
3 til våren 2023. Buskerud Senterparti vil ha ei opplæringslov som sikrar nynorskelevane ein nynorsk
4 kvardag!

5

6 I dag sit nynorskelevar i klasserommet med skriveprogram som gir dei raude strekar under ord dei
7 skriv rett, appar som ikkje finst på nynorsk og andre verktøy som gjer at lese- og skriveopplæringa
8 deira blir meir mangelfull og langt dårlegare enn den opplæringa jamnaldringane som skriv bokmål
9 får. Mangelen på nynorsk i det digitale klasserommet skadar ikkje berre nynorskelevane, men det
10 stikk også kjeppar i hjula for sidemålsundersvisninga til bokmåselevane.

11

12 Læremiddel er i dag omfatta av det såkalla parallellitetskravet, det vil seie at dei må finnast på både
13 nynorsk og bokmål, til same tid og pris. Når det blir så mange digitale element i tillegg til den trykte
14 læreboka må ny opplæringslov henge med i skulekvardagen.. Kravet til kva som skal vere på nynorsk
15 må også gjelde dei læringsressursane og verktøya som faktisk blir brukte.

16

17 I den nye opplæringslova må definisjonen av læremiddel også femne om læringsressursar.
18 Parallellitetskravet må gjelde for alle digitale og ikkje-digitale læringsressursar og verktøy som er laga
19 for eller blir brukte i opplæringsiktemål. Skriveprogram som skal brukast i norsk skule, må støtte
20 både nynorsk og bokmål utan atterhald.

21

22 Av totalt 73 117 grunnskuleelevar i Buskerud er det 524 elevar som har nynorsk som opplæringsmål.
23 Desse elevane bur i Hallingdal. Elevar over heile landet fortener språkleg rettferd!

24

25 Buskerud Senterparti meiner:

26 - Definisjonen av læremiddel må også femne om læringsressursar.

27 - Parallellitetskravet må gjelde for alle digitale og ikkje-digitale læringsressursar og verktøy som er
28 laga for eller blir brukte i opplæringsiktemål.

29 - Skriveprogram som blir brukte i skulen, må stø både nynorsk og bokmål.

30

31 Ål Sp

32